



24/7 treningssenter Øksnes  
Kvassnesvegen 5  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2348 - 17/3493

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
13.03.2017

## Førehandsvarsel om fjerning av reklame retta mot trafikantar i kommunal veg - Knarvik - Lindås kommune

Vegavdelinga i Lindås kommune har i lenger tid registrert at det vert sett opp reklameskilt og anna utstyr langs kommunal veg i Kvassnesvegen, Lyngvegen og Bruvegen.

All reklame (skilt, bannere og andre innretningar) som er retta mot trafikantar på offentleg veg er, iht Veglova § 33, ulovleg dersom dei er sett opp utan særskilt løyve frå vegmynde.

Etter Veglova § 33 er det eit generelt forbod mot å setje opp reklame og distraherande innretningar langs offentlege vegar. Forbodet gjeld uavhengig av avstand til veg, så lenge reklamen er synleg for dei vegfarande. Veglova § 33 har som føremål å gjere offentleg veg oversiktleg og trafikksikker. Reklame som vert plassert langs veg, tek trafikantane sin merksemd bort i frå vegen og trafikkmiljøet.

Vegavdelinga vurderer reklame langs veg, i siktsoner til vegkryss, ved overgangsfelt og i private avkjørsler som trafikkfarleg. Reklame kan, i tillegg til å gjere vegkryss, avkjørsler og overgangsfelt uoversiktlege, utgjere ei distraksjonsfare for trafikantane. Reklame på fortau kan òg føre til at mjuke trafikantar vert leda ut i køyrebanda. Dette gjer reklame langs veg, vegkryss, overgangsfelt, avkjørsler og på fortau negativt med omsyn på trafikksikkerheit.

Teknisk drift sender nå ut eit fellesbrev til bedrifter i Kvassnesvegen, Lyngvegen og Bruvegen der vi informerer om at det er reklameforbod langs alle offentlege vegar.

### Førehandsvarsling om fjerning av reklame:

Teknisk drift ber dei som har sett opp reklame langs kommunal veg i Kvassnesvegen, Lyngvegen og Bruvegen om å fjerne desse snarast og seinast innan 31.03.2017. Etter dette kan kommunen med heimel i Veglova § 33, fjerde ledd, fatte vedtak om fjerning av reklamen. Dersom vegavdelinga finn det nødvendig å fjerne reklame av omsyn til trafikksikkerheit i og langs veg, vil fjerning verte utført utan ytterligere varsel.



Vi har stor forståing for at bedrifter har behov for å marknadsføre seg. Sjølv om næringslivet har behov for marknadsføring av sine bedrifter, har vegstyresmakta plikt til å sørge for at offentlege vegar er oversynleg og trafikksikre.

Dei som ynskjer å kome med merkander til førehandsvarsel om fjerning av skilt kan gje ei skriftleg tilbakemelding til kommunen innan 21.03.2017.

Teknisk drift ser på dette brevet som å være ei førehandsvarsling i henhold til forvaltningslova § 16.

*Vedlagt følger litt informasjon om reklame langs offentleg veg.*

Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Reklame langs offentleg veg  
Reklameskilt kan være trafikkfarleg  
Vedlegg 4 - Handbok V323 - Reklame og trafikkfare

**Mottakarar:**

|                                       |                  |      |                |
|---------------------------------------|------------------|------|----------------|
| 24/7 treningssenter Øksnes            | Kvassnesvegen 5  | 5914 | ISDALSTØ       |
| Aktiv Trafikkopplæring As             | Kvassnesvegen 37 | 5914 | ISDALSTØ       |
| Arne Lundøy Bilglass Service          | Kvassnesvegen 1  | 5914 | ISDALSTØ       |
| Asianfood Market Ahmed Khalel Alqerem | Lyngvegen 4      | 5914 | ISDALSTØ       |
| Bailine Bergen Knarvik                | Lyngvegen 2      | 5914 | ISDALSTØ       |
| Comfort Knarvik Haugland VVS          | Lyngvegen 2      | 5914 | ISDALSTØ       |
| Fargehuset Knarvik As                 | Kvassnesvegen 11 | 5914 | ISDALSTØ       |
| Fixbil Knarvik As                     | Kvassnesveien 41 | 5914 | ISDALSTØ       |
| Foss Eiendomsselskap As               | Kvassnesvegen 23 | 5914 | ISDALSTØ       |
| Hårstudio Iwona Ciesielska            | Lyngvegen 4      | 5914 | ISDALSTØ       |
| Isdalstø Auto Eiendom As              | Postboks 153     | 5903 | ISDALSTØ       |
| Knarvik Body Clinic Frøydis Nesse     | Kvassnesvegen 42 | 5914 | ISDALSTØ       |
| Knarvik industri og miljø AS          |                  |      |                |
| Kvassnesvegen 33 As                   | Kvassnesvegen 33 | 5914 | ISDALSTØ       |
| Kvassnesvegen 42 Eiendom As           | c/o PwC          | 4662 | KRISTIANSAND S |
|                                       | Accounting AS    |      |                |
|                                       | Postboks 177     |      |                |
| Kvassnesveien 3 og 5 AS               | Sandbrekkevegen  | 5225 | NESTTUN        |
|                                       | 81               |      |                |
| Langenes Bygg As                      | Kvassnesvegen 19 | 5914 | ISDALSTØ       |

**Mottakarakar:**

|   |                   |      |          |
|---|-------------------|------|----------|
| Limo Norge As                                 | Kvassnesvegen 2   | 5914 | ISDALSTØ |
| Mama Rosa Knarvik                             | Kvassnesvegen 3-5 | 5914 | ISDALSTØ |
| Matkroken Knarvik                             | Kvassnesvegen 2   | 5914 | ISDALSTØ |
| Max Trafikkskole As                           | Åsamyrane 76      | 5116 | ULSET    |
| Milano Pizzeria Knarvik Gökcen Altinpınar     | Lyngvegen 4       | 5914 | ISDALSTØ |
| Montèr Knarvik                                | Kvassnesvegen 45  | 5914 | ISDALSTØ |
| NAF AS NAF senteret Knarvik                   | Kvassnesvegen 58  | 5914 | ISDALSTØ |
| Nan Tian House As                             | Postboks 62       | 5902 | ISDALSTØ |
| Ng KIWI vest AS avd 869 Kvassnesvegen Knarvik | Kvassnesvegen 42  | 5914 | ISDALSTØ |
| Reigstad Maskinsenter As                      | Kvassnesvegen 2   | 5914 | ISDALSTØ |
| Reklamehuset Eigedomsselskap Ans              | Kvassnesvegen 44  | 5914 | ISDALSTØ |
| Reknes Byggevare LL                           | Lyngvegen 2       | 5914 | ISDALSTØ |
| Rema 1000 Knarvik                             | Kvassnesvegen 23  | 5914 | ISDALSTØ |
| Riis Bilglass Knarvik                         | Bruvegen 3        | 5914 | ISDALSTØ |
| St1 Norge As                                  | Postboks 1154     | 0107 | OSLO     |
|   | Sentrum           |      |          |
| Studio Nor As                                 | Kvassnesvegen 63  | 5914 | ISDALSTØ |
| Sunshine AS                                   | Lyngvegen 4       | 5914 | ISDALSTØ |
| Søderstrøm Blomster Og Hagesenter As          | Lyngvegen 1       | 5914 | ISDALSTØ |
| Twelve Frisørsalongen Ibrahim AL-Jourani      | Lyngvegen 2       | 5914 | ISDALSTØ |